



Camilla og Helge Henanger  
Øvre Sagstad 110  
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/956 - 15/6115

Saksbehandlar:

Per Atle Sæle

per.atle.sale@meland.kommune.no

26.03.2015

## Retting av matrikelgrenser gnr 21 bnr 70

I 1997 fekk den delen av fylkesveg 244 som ligg på gnr 21 tildelt gnr 21 bnr 70 utan at grensene vart lagt inn i kartet. 21/70 er i dag berre markert som ein sirkeleigedom. I tillegg syner kartet ei stipla line på begge sider av vegen. Delar av denne stipla korridoren kjem heilt på sida av vegen og er svært unøyaktig.

Kommunen ønskjer no å retta opp grensene for 21/70 slik at dei vert meir rette. På vedlagt kart (3 stk) har vi teikna inn framlegg til retting av grensa til 21/70 med blå line. Vi gjer samstundes framlegg om å retta grensa mellom 21/1 og 21/2 til å følgja steingarden. Det same gjeld grensa mellom 21/1 og 18/1.

Ein gjer merksam på at retting av matrikelgrenser ikkje fører til endring av status til grensa. Grensa vert framleis liggjande som «usikker» grense i kartet, men eigedomen sin storleik og plassering vil vera rettare enn tidlegare.

Dersom de ikkje er samde i at rettinga vert utført i samsvar med den blå lina, ber vi om at de kjem med skriftleg tilbakemelding på dette innan tre veker frå de mottek dette brevet.

Matrikelgrensene vert endra i samsvar med framlegg dersom kommunen ikkje mottek merknader. Underretting om nye grenser vert sendt dei det gjeld etter at rettinga er utført.

Ta kontakt dersom de har spørsmål.

Med helsing

Per Atle Sæle  
avdelingsingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

**Mottakere:**

Camilla og Helge Henanger	Øvre Sagstad 110	5918	FREKHAUG
Gjermund Dale	Bjørnestadvegen 169	5918	FREKHAUG
Bjørn Vidar Sørgerd Dale	Bennetters gate 12	4024	STAVANGER
Frank Rune Hopland	Dalstøvegen 53	5918	FREKHAUG
Ungdomslaget Solglytt	Pb 22	5906	FREKHAUG
Trond Dale	Bjørnestadvegen 175	5918	FREKHAUG
Statens vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG